

NVE,
Konsesjonsavdelinga.

Fråsegn knytta til søknaden om lyve til å bygge Eikeelva kraftverk i Haram kommune, Møre og Romsdal.

Vi ber om årsaking for at denne fråsegna kjem ein dag etter at høyringsfristen gjekk ut. Som fritidsarbeidarar i bransjen er det ikkje alt vi rekk til rett tid. Men vi har vore på synfaring i Vestfjorden, og har ikkje så mange innvendingar mot tiltaket slik det er skildra i søknaden. Landskapet Eikeelva renn gjennom er alt prega av fleire tyngre inngrep.

Kort oppsumert:

1. Kartgrunnlaget og søknaden er noko upresis i beskrivelsen av vegtraseen inn mot inntaket. På det simulerte bildet av inntaket er der ingen veg i det heile.
Opprustinga av den eksisterande bilvegen må gjerast skånsomt, og det bør komme ein låst bom ved starten av vegen, som stoppar fritidsbilismen. Dette vil vere eit gode både for fugl, dyreliv og folkehelse.
2. Av omsyn til det opne landskapet mellom Holevatnet og inntaksområdet bør ein vurdere om det er teknisk mogleg å flytte inntaket nokre kotar nedstraums der krattskogen er tettare. Vi ser at eit alternativ på kote 280 er vurdert. Finst her eit alternativ mellom kote 280 og 342?
3. Ei utbygging av Eikeelva må sjåast i samanheng med presset på vassdragsnaturen på Sunnmøre,- og i Vestnes kommune. Konsesjonsgjevar må difor ta omsynet til naturtypen, fossekallen og botnfaunaen i vurderingne dei gjer om samla belastning / sumverknad i andre småkraftsaker som er eller kjem på høyring. Ein kosesjon til Eikeelva kraftverk vil auke behovet for vern av andre vassdrag.

Vi sluttar oss til forslaga ti avbøtande tiltak frå Bioreg AS.

Andre innvendingar har vi ikkje på tiltaket, men ser fram til å få ta del synfaring når den tid kjem. Då kan vi kanskje bidra med oppklaring og avklaring.

For Naturvernforbundet i Møre og Romsdal,
Knut Festø, styremedlem,
mob. 98469834
6103 Volda.